



Kontrakt

Kartlegging av fugl i Grånosmyrane naturreservat

Det er inngått avtale om kartlegging av fugl i Grånosmyrane naturreservat på grensa mellom Aurland kommune og Voss herad. Kontrakta er inngått mellom Nærøyfjorden verneområdestyre og LEVERANDØR.

Saksnummer for kontrakten: 2023/18330

Avtalen er underteikna av Statsforvaltaren på vegne av verneområdestyret.

Dette dokumentet er godkjent og signert elektronisk av partane.

Dato/stad

Dato/stad

Kunde

Leverandør

Nærøyfjorden verneområdestyre

v/ Statsforvaltaren i Vestland

1. GENERELT OM ARBEIDET

Nærøyfjorden verneområdestyre ynskjer å få kartlagt fuglelivet i Grånosmyrane naturreservat, på grensa mellom Aurland kommune og Voss herad.

Oppdraget er avhengig av finansiering gjennom tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet.

2. ARBEIDSOMFANG

Arbeidet som skal utførast er fuglekartlegging og utarbeiding av rapport. Det bør gjennomførast minst to kartleggingsturar i løpet av sesongen, der minst ein blir gjennomført tidleg i hekkeperioden og ein litt seinare på sommaren. Leverandør har sjølv ansvar for å bestemme beste kartleggingsmetodikk, kva som er dei optimale kartleggingstidspunkta, og at kartlegging skjer på dagar med gode vêrtilhøve. Grånosmyrane naturreservat er 4 km². Det må reknast 2-3 timar gangtid inn til kartleggingsområdet.

Arbeidet inkluderer skriving av ein rapport der ein samanliknar funna med tidlegare fugleregistreringar i området og ser på korleis utviklinga er, og prøver å vurdere kva som kan vere grunnen til ein eventuell nedgang i fuglebestanden. Rapporten skal og innehalde ei vurdering av behov for vidare overvaking, og om det finst tiltak som kan betre forholda for fuglelivet i reservatet.

3. GENERELLE KRAV TIL UTFØRELSEN

3.1 PERSONELL

Personell må ha naudsynnte kvalifikasjonar for gjennomføring av oppdraget.

3.2 MATERIELL

Leverandør held eige utstyr for utføring av arbeidet. Leverandør har ansvar for å ha naudsynt forsikring av utstyr og personell.

4. PRIS

Kontaktsverdien er kr. _____ ekskl. mva.

Alle driftsutgifter inkl. reisekostnader skal dekkast innanfor ramma for kontraktsverdien.

5. RETTIGHEITAR

Oppdragsgjevar overtek retten til å bruke materiellet som blir produsert i eigne kanalar. Produktet, eller delar av det, kan ikkje endrast eller overdragast til andre utan etter samtykke frå leverandør. Leverandør har rett til å bruke produktet i eiga marknadsføring.

6. KONTRAKTSPERIODE OG FRAMDRIFTSPLAN

Kontraktperioden er frå februar 2024 til 30.november 2024. Dersom uforutsette forhold spelar inn kan kontraktstida forlengast. Kontrakta opphøyrer ved utløp av avtaletida utan føregåande oppseiing. Arbeidet blir ikkje sett på som fullført før det er godkjent av oppdragsgjevar.

Framdriftsplan skal fylgja oppsett i tilbodsdocumentet.

7. ADMINISTRATIVE REGLAR

Våre leverandører og avtalepartnere skal respektere grunnleggjende sosiale og etiske krav i sin virksomhet. Leverandøren skal respektere FNs menneskerettighetskonvensjon. Nasjonal- og internasjonal miljølovgivning og -reguleringer skal overholdes. Arbeidsmiljøet skal være i henhold til produsentlandets lovgivning og internasjonale retningslinjer.

Det skal ikke foregå noen diskriminering i arbeidslivet basert på etnisk tilhørighet, religion, alder, uførhet, kjønn, ekteskapsstatus, seksuell orientering, fagforeningsmedlemskap eller politisk tilhørighet.

Arbeiderne skal uten unntak ha rett til å slutte seg til eller etablere fagforeninger etter eget valg, og til å forhandle kollektivt. Dersom disse rettigheter er begrenset eller under utvikling, skal leverandøren medvirke til at de ansatte får møte ledelsen for å diskutere lønns- og arbeidsvilkår uten at dette får negative konsekvenser for arbeiderne.

Den nasjonale minstelønnen er laveste aksepterte nivå, og skal alltid være tilstrekkelig til å dekke grunnleggjende behov. Lønnen skal betales direkte til den ansatte, fullt ut og til rett tid. Arbeidstiden per uke skal ikke overstige den lovlige grensen, og overtid skal betales i henhold til loven.

8. MILJØ

For arbeid i verneområde skal reglane i verneforskrifta fylgjast. Dette gjeld m.a. motorisert ferdsel og forbod mot inngrep som kan verka inn på landskapets art og karakter. Det må føreliggja naudsynte løyve før tiltak kan setjast i verk. Alt arbeid skal avklarast med verneområdeforvaltar.

Nasjonale og internasjonale miljølovgjeving og reguleringar skal overhaldast.

9. FAKTURERING

Faktura skal sendast elektronisk på EHF med organisasjonsnr. 974760665 (Statsforvaltaren i Vestland) og tydeleg merkast med bestillingsid: 3850joval.

Fakturafrist: 1. desember 2024.

10. PROSJEKTORGANISERING

Kunden har det overordna ansvaret for oppdraget. Arbeid i felt blir organisert av leverandør i samråd med verneområdeforvaltar eller Statens naturoppsyn.

Prosjektansvarleg hjå Nærøyfjorden verneområdestyre: styreleiar
Prosjektleiar hjå Nærøyfjorden verneområdestyre: verneområdeforvaltar
Prosjektleiar hjå leverandør:

11. PARTANE SINE REPRESENTANTAR

Oppdragsgjevar sin representant:

Hovudkontakt:

Namn : Jorunn Ospedal Vallestad
Tittel : Verneområdeforvaltar
Telefon: 97567934
E-post : joval@statsforvalteren.no

Leverandøren sin representant:

Hovudkontakt:

Namn :
Telefon:
E-post :